

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1720	18/1045

Bogatunet - tilsyn og dekking av løpande utgifter

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde i møte 060/2016 27. oktober 2016 vedtak om at kommunen skulle overta Bogatunet og Syltastova. Av ulike grunnar har gjennomføringa av dette vedtaket dratt ut i tid, og det er framleis Nord- og Midhordland som er eigar av desse bygga. Nord- og Midhordland sogelag har per i dag ingen inntekter, og kapitalen er brukt opp slik at dei ikkje lenger har midlar til å dekkja utgifter vedlikehald og faste utgifter. Dei har difor retta ein førespurnad til kommunen om å få dekkja midlar til desse utgiftene.

Vurdering

Nord- og Midhordland sogelag har sidan 1920-talet vore eigar av Bogatunet og Syltastova. Den gongen var laget eit sogelag for heile Nord- og Midhordlandsregionen. Laget hadde ein aktiv medlemsmasse, dei gav ut årboka *Frå Fjon til Fusa* og som gav laget inntekter og i tillegg tok dei på seg eigarskapen for Bogatunet og Syltastova for å redde bygga.

Dei siste åra har laget slitt med rekrutteringa, og utgjevinga av heftet *Frå Fjon til Fusa* har stoppa opp, og det einaste som er att av aktivitet i laget er at styret forvaltar eigarskapen av Bogatunet og Syltastova. På bakgrunn av dette har laget bede kommunen overta bygga, noko kommunen har fatta vedtak om, men som har tatt langt lenger tid å gjennomføra enn venta.

Kommunen har siste året hatt jamleg tilsyn med bygga, og kommunen har også tatt på seg å organisera å halda ope faste dagar om sommaren og dekkja utgifter til dette. I budsjettet for 2018 er det sett av midlar til drift av Bogatunet og Syltastova. Rådmannen meiner at kommunen bør dekkja faste utgifter, og ta seg av løpande naudsynt vedlikehald på Bogatunet og Syltastova fram til eigarskapen er oppgjort innanfor rammene av avsette midlar i budsjettet for 2018. Om kommunen ikkje gjer dette vil ein risikera at forsikringar ikkje vert betalt, at straumen på Bogatunet vert stengt og at bygga vert ståande utan tilsyn og vedlikehald.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunen tar seg av tilsyn og løpande utgifter til vedlikehald av Bogatunet og Syltastova innanfor rammene av avsette midlar til budsjettet for 2018 fram til eigarskapen for bygga er oppgjort.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune tar på seg ansvar for tilsyn, og dekkjer løpande utgifter til vedlikehald, forsikring og straum for Bogatunet og Syltastova innanfor rammene på avsette midlar i budsjettet for 2018.

Formannskapet i Radøy - 006/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland orienterte om status for eigartilhøva for Bogatunet og Syltastova. Radøy kommune har frå Nord- og Midhordland sogelag fått tilbod om å overta dei to kulturhistoriske bygningane for ein symbolsk pris. Ordføraren peika på at kommunestyrevedtaket i sak 060/2016 om at kommunen skulle takka ja til å overta Bogatunet og Syltastova, så langt ikkje er effektuert.

Ordføraren har i møte med fylkeskonservatoren blitt orientert om at kommunalt eigarskap av slike kulturminne ikkje lenger er det mest vanlege. I staden kan det vera meir aktuelt med ein ideell basert eigarskapsmodell, med kommunen som ein medspelar.

Ordføraren peika på at det t.d. kan vera mogleg å etablere Bogatunet- / Syltastovas Venner, som kommunen kan inngå ein samarbeidsavtale om drift med. Dersom kommunen skulle stå som eigar av desse kulturminna, vil det ikkje vera mogleg å søkja midlar frå offentlege instansar til t.d. vedlikehald.

Ordføraren vil informera om status for eigarskap for Bogatunet/Syltastova i meldingsak i neste kommunestyre, og fekk tilslutning i formannskapet for dette.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune tar på seg ansvar for tilsyn, og dekkjer løpande utgifter til vedlikehald, forsikring og straum for Bogatunet og Syltastova innanfor rammene på avsette midlar i budsjettet for 2018.